



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Rådhuset
Dato: 12.02.2026
Tid: Kl. 09:00 - 17:00

Følgjande medlem møtte	Parti
Anne Kristin Førde	AP
Nils Jørgen Sagebø	AP
Jorunn Petrine Frøyen	H
Magne Ivar Kjerpeset	SP
Evy Merete Myklebust	V
Svein Olav Senneset	V
Kjell Sørland	VIP

Andre som møtte:

Gro Bakke Abildsnes
Hilde Jenssen Midtbø
Karl Vidar Førde
Randi Ytrehus
Tom Joensen

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Nils Jørgen Sagebø	26/1723	,	

Møtenotater:

Orientering:

Synfaring:

Underskrifter:

_____	_____	_____
_____	_____	_____

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	
001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
002/26	Godkjenning av møteprotokoll	
003/26	Orienteringssaker	
004/26	Drøftingssak	
001/26	Investeringsprosjekt - Styringsgruppe, jf. prosjekthandboka	
005/26	Referatsaker	
006/26	Framlegg til nye barnehagevedtekter - endring av § 5-2 Ferie	
007/26	Vurdering av planspørsmål - områderegulering for fortetting og mindre utviding av Guleslettene vindkraftverk	
008/26	Handsaming av klager på vedtak KST-049/25 om godkjenning av områderegulering Holmaneset, planid. 202301	
009/26	Vidareføring av Invest in Fjordane	
010/26	KS debathefte 2026 - uttale frå Bremanger kommune	
011/26	Justering av festeavgift	
012/26	Bremanger besøkssenter - godkjenning av mandat	
013/26	Søknad om støtte til bulyst-prosjekt - Svelgen opp og fram	
014/26	Søknad om støtte frå næringsfondet - Frøyhav AS	Ikkje offentleg
015/26	Søknad om tilskot og lån - HI Kystfiske AS	Ikkje offentleg

001/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Formannskapet den 12.02.26 vert godkjende slik dei ligg føre.

Formannskapet 12.02.2026:

Handsaming:

FSK- 001/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Formannskapet den 12.02.26 vart godkjende slik dei låg føre.

002/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll for Formannskapet den 04.12.25 og kommunestyret den 18.12.25 vart godkjend og skriven under slik den ligg føre.

Formannskapet 12.02.2026:

Handsaming:

FSK- 002/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Møteprotokoll for Formannskapet den 04.12.25 og kommunestyret den 18.12.25 vart godkjend og skriven under slik den låg føre.

003/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringssaker vert teke til vitande.

Formannskapet 12.02.2026:

Handsaming:

Orientering ved kommunalsjef Randi Ytrehus - løypemelding Temaplan vaksne.

- Formannskapet er styringsgruppe for planen
- Ytrehus bad om utsetjing på ferdigstilling av planen. Det var einigheit om at kvalitet på

planen er viktig, dei får utsetje ferdigstilling av plan.

- Jorunn Frøyen, H stilte spørsmål om beredskap var eit tema i planen. Ytrehus stadfesta at det var det.

Ordførar orienterte om møte med Bontrup.

Bontrup hadde frist på eit år til å vurdere om steinbrotet kan gjennomførast utan utskipping i Frøysjøen, eventuelt alternativ løysing. Dei har bede om utsett frist til kommunestyremøte juni 2027 med å få ting på plass, dette har dei fått.

FSK- 003/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Orienteringssaker vart teke til vitande.

Ein har fått utsett frist på ferdigstilling av Temaplan vaksne.

004/26: Drøftingssak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Drøftingssak vert teke til vitande.

Formannskapet 12.02.2026:

Handsaming:

Kommunedirektør presenterte. Etter verbalvedtak i samband med budsjetthandsaming desember 2025.

Dette kom fram i saka:

- Det skal etablerast ein «controllefunksjon» knytt til oppfølging av prosjekt-porteføljen
- Ein legg planar for fire år fram i tid - i den perioden skjer det store endringar
- Politikarane besluttar mellom fasane i prosjektet
- Det skal alltid skrivast sluttrapport i prosjekt
- Arbeidsutvala er politisk samansett, administrasjonen har ei sekretærrolle.
- Det er ikkje beløpsgrensa som bør vere avgjerande for om politikarane skal involverast i prosjekta - men kompleksiteten i prosjektet.
- Prosjektet må ha strategisk betyding og vere av ein viss storleik
- Lage prinsipp for kva ein skal ha styringsgruppe i
- Beløpsgrense for når det skal setjast ned styringsgruppe må justerast, det bør likevel ikkje vere dette som bestemmer om arbeidsutval skal setjast ned.
- Ein skal setje opp eit årshjul for budsjettarbeidet - budsjettkonferanse i mai
- Prinsipp skal definerast i prosjekthandboka, kommunedirektør kjem attende med sak om endingar i denne så snart som råd.

FSK- 004/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak :

Drøftingssak vart teke til vitande.

Kommunedirektør legg fram sak gjeldande prosjekthandboka og forslag til endingar i den .

001/26: Investeringsprosjekt - Styringsgruppe, jf. prosjekthandboka

Formannskapet 12.02.2026:

Handsaming:

FSK- 001/26 Vedtak:

005/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Referatsaker vert tekne til vitande.

Formannskapet 12.02.2026:

Handsaming:
Alle referatsaker er svar frå Statsforvaltar når det gjeld vedtak i byggjesaker.

FSK- 005/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak:

Referatsaker vart tekne til vitande.

006/26: Framlegg til nye barnehagevedtekter - endring av § 5-2 Ferie

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunedirektøren rår formannskapet til å leggje framlegg til barnehagevedtekter ut på høyring slik dei ligg føre.

Formannskapet 12.02.2026:

Handsaming:

Kommunalsjef oppvekst gjorde greie for kvifor saka skal leggst ut. informerte.

Nils Jørgen Sagebø, Ap - meinte at ein må vere meir fleksible når det gjeld den fjerde ferieveka.

FSK- 006/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Formannskapet legg framlegg til barnehagevedtekter ut på høyring slik dei ligg føre.

007/26: Vurdering av planspørsmål - områderegulering for fortetting og mindre utviding av Guleslettene vindkraftverk

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sweco AS får på vegne av tiltakshavar Eviny AS starte opp planarbeid for områderegulering for fortetting og ei mindre utviding av Guleslettene vindkraftverk i samsvar med planinitiativ motteke 29.januar 2026.

Formannskapet 12.02.2026:

Handsaming:

Eviny ved Stig Svalheim og Rolf Sanne-Gundersen , Synnøve Nyhammer frå Sweco orienterte om prosjektet:

- Guleslettene stort kraftverk som i dag produserer godt.
- Inntil 14 nye vindturbinar (maks) - same storleik på turbinane som dei som er på Guleslettene i dag
- Ny trafostasjon
- Konsekvensutredningar - mellom anna på fugl
- 175 GWh meir produksjon ved 14 møller - då vil ein ha nærare 900 GWh samla med det ein har i dag.
- Ambisjonar om oppstart innan 2030.
- Dei har hatt samtalar og er einige med grunneigarane.
- Fortetting vil ikkje vere til hinder for å nytte turområdet slik det ligg i dag.

Kjell Sørland, VIP :

- fortetting vil føre til store naturinngrep
- det er fleire områder i kommunen som er interessante å byggje vindmølleparkar på
- saka bør løftast til kommunestyret

Magne Kjerpeset, Sp

- er imponert over området Guleslettene slik det er i dag.
- Skal ein sei nei bør ein ha forslag til alternative inntekter for kommunen.

Sørland, VIP, meiner at kjernekraft er alternativ til vindkraft, og at Bremanger kommune bør sjå på dette. Svein Olav Senneset, Venstre, stilte spørsmål om kor i kommunen ein eventuelt skulle byggje kjernekraftverk .

Svein Olav Senneset, V:

- Planprosessen rundt Eviny og Zephyr sine vindkraftanlegg bør samordnast og leggjast fram samstundes.

Ordførar :

- De skal vere kraft dag i april, besøk på Guleslettene og i Øksenelvane.
- Rammevilkåra for vindkraft er stadig i endring, betre i dag enn det var i før.

Det var ein debatt om ulike problemstillingar når det gjeld fortetting av vindmøller, både for og imot.

Det vart røysta over framlegget frå kommunedirektøren opp mot framlegget frå Kjell Sørland,VIP.

Framlegget frå kommunedirektøren fekk fem røyster: Ap ved Anne Kristin Førde, Sp ved Magne Kjerpeset, Høgre ved Jorunn Frøyen, Venstre ved Svein Olav Senneset og Evy Merete Myklebust.

Framlegget frå Sørland fekk to røyster: VIP ved Kjell Sørland og Ap ved Nils Jørgen Sagebø

FSK- 007/26 Vedtak:

Med fem mot to røyster:

Formannskapet rår Kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:

Sweco AS får på vegne av tiltakshavar Eviny AS starte opp planarbeid for områderegulering for fortetting og ei mindre utviding av Guleslettene vindkraftverk i samsvar med planinitiativ motteke 29.januar 2026.

008/26: Handsaming av klager på vedtak KST-049/25 om godkjenning av områderegulering Holmaneset, planid. 202301

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Klager på vedtak om områderegulering Holmaneset, KST-sak 049/25, frå Sissel Roland, Marit Dyrstad, Harris Advokatfirma AS, Trude Hessvik-Trøite, Norges Miljøvernforbund, Advokatfirma Simonsen, Vogt, Wiig AS, Dæhlin Sand Advokatfirma og Folkeaksjonen mot etablering av hydrogen- og ammoniakfabrikk på Holmaneset, vert ikkje tekne til fylgje.

Bremanger kommune opprettheld planvedtaket, og klagesaka vert sendt til Statsforvaltaren til endeleg avgjerd.

Ugilde	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Nils Jørgen Sagebø		

Formannskapet 12.02.2026:

Handsaming:

Klagene tekne til fylgje, foreslått av Kjell Sørland, Velferd- og Innovasjonspartiet

Klager på vedtak om områderegulering Holmaneset, KST-sak 049/25, frå Sissel Roland, Marit Dyrstad, Harris Advokatfirma AS, Trude Hessvik-Trøite, Norges Miljøvernforbund, Advokatfirma Simonsen, Vogt, Wiig AS, Dæhlin Sand Advokatfirma og Folkeaksjonen mot etablering av hydrogen- og ammoniakkfabrikk på Holmaneset, vert tekne til fylgje.

Nils Jørgen Sagebø, Ap - tok opp spørsmålet om at han var inhabil, viste til tidlegare handsaming av saka. Fsk fann at Sagebø var inhabil i saka. Ingen vara møtte.

Ordførar informerte i saka.

Kjell Sørland, VIP meinte at saka ikkje var godt nok utgreidd. Ha nemnde klage frå Bountrup som var nytt.

Ordførar opplyste om at Bountrup har fått alle opplysningar i heile prosessen og har anledning til å klage før.

Svein Olav Senneset, V: Venteleg at det kjem klage i slike saker. Klagene er svara godt ut av administrasjonen.

Kjell Sørland, VIP la inn nytt framlegg til vedtak.

Det vart røysta for framlegget frå kommunedirektøren opp mot framlegget frå Kjell Sørland, VIP.

Fem representantar røysta for kommunedirektøren sitt framlegg : Ap ved Anne Kristin Førde, Sp ved Magne Kjerpeset, Høgre ved Jorunn Frøyen, Venstre ved Svein Olav Senneset og Evy Merete Myklebust.

Ein røysta for Kjell Sørland, VIP sitt framlegg: Kjell Sørland, VIP

FSK- 008/26 Vedtak:

Med fem mot ei røyst:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak :

1. Klager på vedtak om områderegulering Holmaneset, KST-sak 049/25, frå Sissel Roland, Marit Dyrstad, Harris Advokatfirma AS, Trude Hessvik-Trøite, Norges Miljøvernforbund, Advokatfirma Simonsen, Vogt, Wiig AS, Dæhlin Sand Advokatfirma og Folkeaksjonen mot etablering av hydrogen- og ammoniakkfabrikk på Holmaneset, vert ikkje tekne til fylgje.

Bremanger kommune opprettheld planvedtaket, og klagesaka vert sendt til Statsforvaltaren til endeleg avgjerd.

009/26: Vidareføring av Invest in Fjordane

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bremanger kommune tek vedtaket frå Fjordane IPR til orientering, og sluttar seg til at satsinga vert vidareført i tråd med vedlagde saksframlegg og grunnlag.
2. Bremanger kommune stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane som ei treårig satsing, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass gjennom ei tredelt løysing mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstiftinga og kommunane

- i Fjordane.
3. Bremanger kommunen sett av 90.000 kr i tre år til den vidare satsinga.
 - a. Belastning kto. 251 5032 – næringsfond.

Formannskapet 12.02.2026:

Handsaming:

Ordførar informerte i saka.

FSK- 009/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

1. Bremanger kommune tek vedtaket frå Fjordane IPR til orientering, og sluttar seg til at satsinga vert vidareført i tråd med vedlagde saksframlegg og grunnlag.
2. Bremanger kommune stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane som ei treårig satsing, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass gjennom ei tredelt løysing mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstiftinga og kommunane i Fjordane.
3. Bremanger kommunen sett av 90.000 kr i tre år til den vidare satsinga.
 - a. Belastning kto. 251 5032 – næringsfond.

010/26: KS debatthefte 2026 - uttale frå Bremanger kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bremanger kommune sender inn sine svar til KS debatthefte 2026 i tråd med vurderingane under.
2. Ordførar får mynde til å slutføre saka i tråd med formannskapet sine innspel og sende inn høyringsuttale.

Formannskapet 12.02.2026:

Handsaming:

Kommunedirektør informerte i saka, sjå presentasjon.

- vi må legge til rette for innovasjon og utvikling av tenestene
- vi må bruke digital teknologi for å løyse oppgåver
- vi må ta innover oss utviklinga når det gjeld demografi
- vi må prøve å stoppe folketalsnedgangen - har problem med å rekruttere i oppvekstsektoren
- ikkje økonomien som er eit problem, det er tal personar ein har til å løyse oppgåvene

Jorunn Frøyen, H : det er ikkje løysing å sentralisere.

KS spør: Kva må vi gjere i vår kommune dei neste to åra for å auke endringstakta for berekraftig velferd?

I Bremanger kommune skal/vil:

- Ein må vidareutvikle trepartssamarbeidet for ei felles forståing og ha moglegheit for tilpassing av lovverket til dagens samfunn.
- Satse meir på førebygging innan helse, psykisk helse, rus, folkehelse og tidleg innsats i oppvekst, slik at vi kan redusere behovet for meir omfattande og ressurskrevjande tenester seinare.
- Prioritere tiltak som styrkar busetnad og rekruttering – som bustader, bulyst og gode oppvekstvilkår for barnefamiliar – fordi dette er grunnmuren for berekraftige tenester.
- Halde på ein desentralisert tenestestruktur som gjer det attraktivt å bu i heile kommunen.
- Kople næringsutvikling tettare saman med velferdspolitikken, fordi fleire arbeidsplassar gir både fleire innbyggjarar og større økonomisk handlingsrom – for både kommunen og den enkelte.
- Vidareutvikle interkommunalt samarbeid der det gir betre kvalitet, meir robuste fagmiljø og betre bruk av ressursane våre.
- Ta i bruk digitale løysingar og velferdsteknologi i større grad, særleg innan helse og omsorg, slik at vi kan frigjere tid til direkte oppfølging av brukarane.
- Styrke samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar, særleg innan aktivitet, det å inkludere, førebygging og møteplassar.
- Prioritere systematisk forbetringsarbeid og innovasjon i tenestene, og prøve ut nye arbeidsformer der det er mogleg.
- Gjere tydelegare prioriteringar i tenestetilbodet for å sikre berekraftig økonomi og riktig bruk av ressursane våre.
- Leggje betre til rette for samarbeid på tvers av sektorar, slik at innbyggjarane møter meir heilskaplege tenester.

KS spør: Korleis kan vi i vår kommune dei neste to åra ta i bruk dei arbeidskraft-ressursane som finst?

I Bremanger kommune skal/vil:

- Jobbe målretta for å rekruttere og halde på arbeidskraft gjennom attraktive stillingar, gode fagmiljø og større satsing på heiltidskultur.
- Invitere innbyggjarar – særleg unge som slit med å kome i gang i arbeidslivet – til dialog om kva moglegheiter som finst, og kva vi kan få til saman.

- Utnytte ressursane til friskare pensjonistar, deltidsarbeidande og frivillige betre gjennom fleksible ordningar.
- Leggje til rette for seniorar som ønskjer å stå lenger i arbeid.
- Ta i bruk kompetansen til tilsette på nye måtar, til dømes gjennom oppgåvedeling og nye yrkesroller.
- Styrke samarbeidet med NAV, næringslivet og frivillige aktørar for å få fleire inn i arbeid, praksis eller aktivitet.
- Satse på lokale utdanningsløp, praksisplassar og lærlingordningar – særleg innan helse, oppvekst og tekniske fag.
- Gi ungdom gode moglegheiter for sommarjobb og deltidsarbeid, slik at dei får arbeidserfaring og ei tilknytning til lokalsamfunnet.
- Halde fram målretta rekruttering, også internasjonalt der det er nødvendig, kombinert med god lokal integrering.
- Ta i bruk teknologi der det kan redusere tidkrevjande manuelle oppgåver og frigjere arbeidskraft.

KS Spør: Kva må vi prioritere i vår kommune for å styrke beredskapsevna – både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?

I Bremanger kommune skal/vil:

- Det må klarleggast kva som er statsforvaltar si rolle og kva som er KS si rolle i arbeidet med styrka beredskap.
- Kartleggje kva hendingar og risikofaktorar som kan true lokalsamfunnet vårt, gjennom oppdaterte ROS-analysar.
- Sørge for at beredskapsplanane våre er oppdaterte og godt kjende i organisasjonen.
- Styrke det interkommunale og regionale samarbeidet om beredskap.
- Sikre tilstrekkeleg kompetanse og bemanning innan beredskap, kriseleiing og samfunnstryggleik.
- Sikre tilgang på arbeidskraft i kritiske tenester gjennom beredskapslister, krysskompetanse og øving.
- Gjennomføre jamlege øvingar i krisehandtering – både internt og saman med politi, helse, frivillige organisasjonar og nabokommunar.
- Byggje opp lokal eigenberedskap gjennom informasjon til innbyggjarane, støtte til grendelag og styrking av frivillige ressursar.
- Styrke samarbeidet med frivillige beredskapsaktørar i lokalsamfunnet.
- Arbeide aktivt med informasjon og bevisstgjerings om eigenberedskap og krisehandtering i befolkninga.

- Styrke den digitale tryggleiken i kommunen for å redusere sårbarheit for digitale angrep og systemsvikt.
- Sikre god og tillitsbyggjande krisekommunikasjon i møte med innbyggjarane.

FSK- 010/26 Vedtak:

Samrøyste vedtak:

1. **Bremanger kommune sender inn sine svar til KS debatthefte 2026 i tråd med vurderingane under.**
2. **Ordførar får mynde til å slutføre saka i tråd med formannskapet sine innspel og sende inn høyringsuttale.**

011/26: Justering av festeavgift

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Med verknad frå 01.01.2026 vert festeavgift for grav fastsett til:

Einskildgrav opp til 60 år:	Kr. 300 ,- pr. år.
Einskild grav over 60 år:	Kr. 600 ,- pr. år.

Formannskapet 12.02.2026:

Handsaming:

Ordførar informerte i saka.

- i forbindelse med utviding av gravplass Kalvåg skal ein sjå på moglegheit for etablering av minnelund.

FSK- 011/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Med verknad frå 01.01.2026 vert festeavgift for grav fastsett til:

Einskildgrav opp til 60 år:	Kr. 300 ,- pr. år.
Einskild grav over 60 år:	Kr. 600 ,- pr. år.

012/26: Bremanger besøkssenter - godkjenning av mandat

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Framlegg til mandat for forstudien « Bremanger besøkssenter» vert godkjend slik det ligg føre.
2. Eksterne kostnader i prosjektet, inntil kr. 150 000,- vert dekkja over næringsfondet.

3. Prosjektansvarleg i forstudien er NN

Formannskapet 12.02.2026:

Handsaming:

Ordførar informerte i saka.

Formannskapet er styringsgruppe for prosjektet.

FSK- 012/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

1. Framlegg til mandat for forstudien « Bremanger besøkssenter» vert godkjend slik det ligg føre.
2. Eksterne kostnader i prosjektet, inntil kr. 150 000,- vert dekkja over næringsfondet.
3. Prosjektansvarleg i forstudien er ordførar Anne Kristin Førde

013/26: Søknad om støtte til bulyst-prosjekt - Svelgen opp og fram

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Svelgen opp og fram vert gjeve kr. 50 000,- i støtte til gjennomføring av to-årig profileringsprosjekt.
2. Belastning kto. 251 5032 næringsfond

Formannskapet 12.02.2026:

Handsaming:

Ordførar informerte i saka.

FSK- 013/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

1. Svelgen opp og fram vert gjeve kr. 50 000,- i støtte til gjennomføring av to-årig profileringsprosjekt.
2. Belastning kto. 251 5032 næringsfond

014/26: Søknad om støtte frå næringsfondet - Frøyhav AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Frøyhav AS vert gjeve kr. 200 000,- i ansvarleg lån i samband med kjøp av båt med torskekvote
2. Belastning kto. 251 5032 Næringsfond

Formannskapet 12.02.2026:

Handsaming:

Ordførar informerte i saka.

FSK- 014/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

1. Frøyhav AS vert gjeve kr. 200 000,- i ansvarleg lån i samband med kjøp av båt med torskekvote
2. Belastning kto. 251 5032 Næringsfond

015/26: Søknad om tilskot og lån - HI Kystfiske AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. HI Kystfiske AS vert gjeve kr. 25 000,- i etableringstilskot og kr. 200 000,- i ansvarleg lån i samband med etablering og kjøp av kystsjark.
2. Belastning kto. 251 5032, næringsfond.

Formannskapet 12.02.2026:

Handsaming:

Ordførar informerte.

FSK- 015/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

1. HI Kystfiske AS vert gjeve kr. 25 000,- i etableringstilskot og kr. 200 000,- i ansvarleg lån i samband med etablering og kjøp av kystsjark.
2. Belastning kto. 251 5032, næringsfond.